



Hordaland barne- og ungdomsråd  
Postboks 408 SENTRUM  
5805 BERGEN

Dato: 20.09.2014  
Vår ref.: 2014/986-10  
Saksbehandlar: maraskv  
Dykkar ref.:

## Brev til Hordaland barne- og ungdomsråd

Viser til møte mellom Hordaland barne- og ungdomsråd (HBUR) og Hordaland fylkeskommune. Deltakarar var styreleiar i HBUR, Øystein Rambjørg, organisasjonssekretær i HBUR, Kristin Frotjold, seksjonsleiar Ronny B. Skaar og rådgjevar Marianne Ose Askvik frå Hordaland fylkeskommune.

Bakgrunn for møtet var eit brev sendt frå styreleiar og nestleiar i HBUR 22.05.2014 til Hordaland fylkeskommune.

I brevet vert det vist til vårens saksframlegg til kultur- og ressursutvalet vedr. driftsstønadsordninga til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar i Hordaland, der fylkesrådmannens innstilling ikkje var lik den rådgjevande fordelingsa tilsendt frå HBUR.

Partane vart einige om at HBUR tek kontakt med Hordaland fylkeskommune til hausten med innspel til utlysinga av driftsstønadsordninga for våren 2015. HBUR vil sjå gjennom søknadene til ordninga og leggje fram ei rådgjevande fordeling. Dersom Hordaland fylkeskommune gjer endringar på denne, vil HBUR bli informert før saka vert lagt fram for kultur- og ressursutvalet.

Arbeidet med Ungdommens Kulturmønstring (UKM) og fylkesmønstringa i Hordaland for 2015 er i gang. Hordaland fylkeskommune inviterer til møte den 7.oktober kl.13:00 – 14:00 for å diskutere samarbeidet og fordeling av ansvarsoppgåver mellom Hordaland fylkeskommune og HBUR. Eit forslag til samarbeidsavtale vil bli lagt fram.

Ronny B.  
Utviklingssjef/Seksjonsleiar

Marianne Ose Askvik  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

